

Til Meland Kommune.

Klage på vetak om konsesjon GN 49/ BN 11

Eg vil med dette klage på det som administrasjonen har gjort i denne saken.

Administrasjonen meiner at ein kan gje søkjar konsesjon.

Då meiner eg at administrasjonen ikkje tar høyde for landbrukets beste.

Eg var ikkje på det første UDU møtet som var 06,06,16 men der vart saken utsatt til neste møte pga utvalget ville på befaring og ha meir informasjon til søknaden, kunne ikkje ta stilling til søknad med den informasjonen dei hadde fått.

Møtet som UDU hadde 05,09,16 det var eg på som tilhører.

Eg var med på befaring som var på lo. der var ikkje møtet satt enda det blei satt først når ein kom inn på møtelokalet i komunehuset. Der var også den ein utvalgmedlemmet so er/var ugild i saken med som tilhører som vilken som helst person. Han blei spurd om nokre grenser på bruket og han svarte på spørsmål som han fekk. Søkjer av konsesjon har skrive i klagen på vetaket att vetaket er ugilt og bør trekkast pga att den eine persone som var ugild var med å avgjere saken. Der synest eg at deler av utvalget ikkje ser på sannheten, det var admenistrasjonen/utvalgsmedlem som spurde då kan ikkje ein bruke det mot den personen etter på og i saken.

Møte 25,10,16 så stod det i saken att administrasjonen anbefalte UDU å trekke avgjørelsen som dei hadde tatt på forge møte pga ugildhet ved stemming.

Medlemmet frå Krf stilte spørsmål til dei andre i UDU om når dei stemte NEI på forge møte om det var nokon der som var ugild i saken, då var det heilt stilt i salen INGEN SA NOKO.

Den ugilde personen var tred ifrå saken når møteleier satte saken og vara for han tredde inn i saken.

På møte den 05,09,16 så satt eg å hørte på saken. Der administrasjonen seier til UDU at det ikkje er nokon nabobruk som er interessert i å kjøpe det som tilleggsjord. Då sa medlemmet frå Krf att det ikkje stemmer det er fleire bruk på lo som er interesert i dette bruket som tilleggsjord. Då svarer administrasjonen att hvis det hadde gått til eit bruk som var i drift så hadde det ikkje øka produksjonen til eventuelt bruk noko serligt. Det er litt rart for dette er eit av dei største bruka på lo ca 255 daa. Det har eit stort utmarksbeite som ikke er i bruk og innmarka er i dårleg stand men med ein god porsjon innsats og ca 200 000,- til grøfting og dyrking så har ein ca 18 daa med grasproduksjon. Det er ganske mykje får eit bruk på lo.

Lov om jord (jordlova)

§ 1. Føremål

Denne lova har til føremål å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.

Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar.

Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå framtidige generasjonar sine behov. **Forvaltninga av arealressursane skal vera miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern om jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter.**

§ 9. Bruk av dyrka og dyrkbar jord

Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. **Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.**

Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi. Det skal òg takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon. Det kan krevjast lagt fram alternative løysingar.

Samtykke til omdisponering kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla lova skal fremja.

Dispensasjonen fell bort dersom arbeid for å nytta jorda til det aktuelle føremålet ikkje er sett igang innan tre år etter at vedtaket er gjort.

Departementet kan påby at ulovlege anlegg eller byggverk vert tekne bort.

Lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom (konsesjonsloven) mv.

§ 1. (lovens formål)

Loven har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produktionsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, bl.a. for å tilgodese:

1. framtidige generasjoners behov.
2. landbruksnæringen.
3. behovet for utbyggingsgrunn.
4. hensynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftssinteresser.
5. hensynet til bosettingen.

Mvh.
Ole Petter Søderstrøm.